

Fra: Vidar Rydland
Sendt: 22. september 2014 12:55
Til: Postmottak Lindås
Emne: Merknad til Knarvik-planen - ref. 14/1135

Planen opnar for løysingar som kan gjera det vidare arbeidet med planen engasjerande og kreativt. Her vil eg fokusere spesielt på to forhold:

1. Byggjestil. Dersom utbygginga skal få eit resultat som verkar attraktivt, er det «avgjerande» at byggjestilen ikkje vert slik som «over alt» elles. For oss er det naturleg å bruka tradisjonsrike byggjematerialar som stein og tre, og ikkje betong, glas, stål, aluminium o.l. Som døme kan nemnast nye bustader ved Plantasjonen i Vågsbotn, men ein kan gjerne gå endå lenger i bruk av stein og tre. Jf. også nyare bygg lokalt som t.d. Knarvik barnehage og kyrkja.
2. Bruk av rennande vatn. At vi får rennande vatn gjennom almenningen gjev oss betydelege fortrinn. Vatn kan brukast på mange måtar. Det kan lagast stasjonar med fontener, barn kan ha det moro med vatn, vi kan få lysspel i vatnet, vatnet kan leiest tilbake i ei sløyfe og inn i ein ny trasé som kan verka spennande og gje rom for endå meir utnytting, det kan brukast til å vatna ymse vekstar o.s.v. Her gjeld det å vera kreativ.

Mvh
Vidar Rydland